



Tk Rør As
Brurastien 54
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/52 - 17/9252

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
08.05.2017

Godkjenning - tilkopling til kommunalt VA-anlegg for ein fritidsbustad GBNR 36/61

Administrativt vedtak. Saknr: 122/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 02.01.2017, søkt om tilkopling til kommunalt vassverk for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 36/61 i Riplevikvegen. Eigedomen skal koplast til det kommunale vassverket via tidlegare etablert privat vassleidning i området.

Vurdering:

Plan:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen sin arealdel for Meland er vist som noværande område for hytter som i vesentlig grad er utbygd utan reguleringsplan. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Eigedomen fekk godkjent utslepp i sak DNT.121/2017. Det ligg føre naudsynt erklæring frå eigar av den private vassleidningen som gjev eigedomen gbnr 36/61 rett til tilkopling. Det ligg også føre erklæring frå eigar av gbnr 36/3 som gjev gbnr 36/61 rett til å leggje vassleidning over privat grunn

Plassering:

Vassleidningen skal leggjast som vist på motteke situasjonskart, journalført 02.01.2017.

Ansvarsrettar i saka gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Administrasjonen har ingen merknad til at eigedomen vert tilknytt det kommunale vassverket.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner at fritidsbustad på gbnr 36/61 vert tilknytt kommunalt vassverk i samsvar med søknad, journalført 02.01.2017 på følgjande vilkår:

- Tilknyttinga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje "Standard abonnementsvilkår for vann og avløp" – Kommuneforlaget.

- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Per 01.01.2017 er tilknytingsgebyret for vatn kr 20 000,- pluss mva, per bueining.

Det er erklært ansvarsrett, jf vurderinga ovanfor.

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og Plan og bygningslova.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut frå. Klagen skal vera grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilkopling vassverk 36-61

Kopi til:

Vidar Rønhovde

Johan Rongveds 5265
Veg 1

YTRE ARNA

Mottakere:

Tk Rør As

Brurastien 54 5265

YTRE ARNA